

Til
NVE

Uttale vedr muleg kraftutbygging i Hjartdal kommune.

Næringslaget Tuddal Utvikling har hatt saka vasskraftutbygging i Hjartdal kommune, Omnesfossen, Skogsåa og Sønderlandsvatn til diskusjon i medlemsmøte 4. april.

Vi ønskjer å gje uttrykk for vårt syn gjennom denne høyringsuttala.

Det er delte meiningar i næringslaget ang. utbygging, så vi tek ikkje stilling til utbyggingsspørsmålet her.

Vi er imidlertid einige om er at dersom det blir gjeve konsesjon for utbygging til Skagerak, meiner vi Tuddal er alt for lite tilgodesett når det gjeld avbøtande tiltak, i forhold til dei skadeverknadene vi får.

Ei utbygging i så stort omfang, vil få store negative konsekvensar landskapsmessig, og reduserte mulegheiter til næringsutvikling knytt til Skogsåa.

Vi er opptatt av generasjonsperspektivet, og vil be om at eventuell utbyggjar i Sauland Kraftverk legg opp steinmasser til framtidig gang- og sykkelvegtrasé gjennom Tuddal (Røde Kors huset til sentrum). Miljøtiltak, som skal være miljøskapande og fremme trivsel og helse, er innsatsområde i kommuneplanen, og gang- og sykkelveg vil vere det viktigaste tiltaket bygda kan få realisert.